



Spring for Lyngmo - ein suksess!

-Born og vaksne sprang inn 100.000,- til Lyngmo!



- * Spring for Lyngmo**
 - * Loppemarknad 28. - 29. september**
 - * Sommaren 2018 - ein sommarvikar sine opplevingar!**
 - * Haustleirane**
- sjå baksida for informasjon!!**



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

Tid for leir: Dei første leirpåmeldingane har byrja å komme til haustleirane. Fullteikna leirar står alltid høgt på ønskelista, og det er spennande å sjå kor mange som vil komme på leir. For meg er det ekstra spesielt denne hausten. Eg gler meg til å sende min eigen andre-klassing åleine på leir for første gang. Plutseleg får arbeidet på Lyngmo ein ennå større personleg dimensjon. Eg gler meg til ein ny leirperiode og eg gler meg over alle deltakarane og leiarane som kjem til å komme på leir denne hausten! Eg håpar at me klarar å fylle ein av visjonane for Lyngmo; At me skal gjere Jesus kjend blant born og unge i Indre Sogn!

Sommarvikarane våre - «kremen av norsk ungdom»!

I Lyngmoglytten, sept 14, kunne ein lese om dei fem sommarvikarane som hadde jobb på Lyngmo. Sommaren 2018 har me dobla staben og hatt ti sommarvikarar for å drifte plassen på dei store leirarrangementa, samt utleige av camping, hytter og gjestehuset. Det seier litt om utviklinga som har vore. Lyngmo har utvida og har blitt større. Samstundes er me heldige og får ta del i oppsvingen i den lokale turistmarknaden! Det er til tider travelt og mykje å gjere. Me rettar ein stor takk til medarbeidarane våre for jobben de har gjort i sommar! Johanne har skrive meir om det å ha sommarjobb på Lyngmo litt lenger bak i bladet.

Leikeplassen: I løpet av sommaren har den nye leikeplassen blitt ferdig. Det har blitt ein flott stad for dei minste borna å leike på. Eit stort

huskestativ, eit lite klatretårn og ein spennande båt som byr inn til allsidig leik er på plass! Alt arbeidet har blitt gjort på dugnad. Eg vert audmjuk og takksam over å sjå innsatsen og arbeidstimane dugnadsgjengen har lagt ned



Leikeplassen ligg flott til under internatet!



Ein båt med sklie er ein kjekk plass å leike!


her! Pengar til leikeapparat, gjerde og anna materiale har me fått frå loppemarknaden 2017 og frå Gjensidigestiftelsen!

Spring for Lyngmo og litt økonomi

Lyngmo er ei ideell verksemd og har mange støttespelarar! I juni var det ein gjeng som arrangerte «Spring for Lyngmo». 40 deltakarar sprang totalt 690 rundar à 400 meter. Det vart totalt 276 km og 6,9 km i snitt pr deltakar. I løpet av ein time sprang dei inn 100.000,- kroner til drifta av Lyngmo. Tusen takk til løparar, sponsorar, komiteen og medhjelparar! Pengane kjem godt med i drifta av Lyngmo, spesielt no når me ventar på endeleg avgjerd om - og kor mykje eigedomsskatt me må betale. Luster

kommune har vore, og er framleis, ein god kommune å høyre til i! Me håpar at politikarane framleis syner velvilje for arbeidet me driv for born og unge på Lyngmo når dei skal avgjere eigedomsskatten for Lyngmo i haust!

Ønskjer dykk alle ein god haust! Helsing Kjetil



Leirtravaren

Namn: Ole Håkon Gunvordal

Alder: Snart 7 år

Kjem frå: Sogndalsdalen

Har du vore mange ganger på leir?

Har overnatta med familien på nyttårsfeiring

Kva gleder du deg til på din første leir?

Padling og leik i gymsalen

Har du eit favoritt bibelvers eller historie frå Bibelen? Då Jesus leita etter det siste lammet som var vekke.

Ole Håkon Gunvordal snart 7 år.

Solsikka vart planta på Barnas supersøndag 2018

Tilbakeblikk



*Nokon som har funne vegen til Lyngmo!
Kanskje dei er klare for leir?*



*Steinen dei sit på er framleis på Lyngmo.
Kanskje de kjenner igjen denne gjengen..?*



*Det har blitt drive campingplass på
Lyngmo nesten heilt sidan oppstarten i
1965.*



Ulike typar sporløp har alltid vore ein slager på leir!

Årets sommarsesong

- betraktningar frå ein sommarvikar



Nokre av årets fantastiske sommarvikarar!

Turistar er som folk flest. Du har dei som ikkje har bestemt seg for kor dei skal sove før klokka er 02.00, og du som har vakt vaknar litt forfjamsa av vakttelefonen som ringer og må hive på deg klede i full fart for å sørge for at våre venner får nokre timar på puta. Du har guiden som må ty til google translate for at du skal forstå at nokon i reisefølget har bursdag, og du må fikse «anything extra, just anything». Du har dei skjønne norske femåringane, som skal ha den «samme isen som istad» og blir litt skuffa fordi du ikkje hugsar kva is dei kjøpte sist gong dei var i kiosken. Du har dei som er litt for raske ut dørene, og gløymer både sko og bilnøklar og kva som helst i grunn. Det er utruleg kva folk kan gløyme. Du har dei som muligens kanskje burde tatt eit engelskkurs. Du har den takknemlige gjengen, som gjerne blir ei natt eller tre fordi dei har komme til «paradis».

I følge Store norske leksikon er turistar nokon som oppheld seg midlertidig utanfor heimen

sin. Eg håper at SNL kan ta litt feil når det gjeld Lyngmo, og at dei som kjem hit føler seg heime, uansett kor langt ein har reist for å komme seg hit. Å være sommervikar på Lyngmo er veldig lærerikt, og man har ein veldig variert arbeidsdag. Lite visste eg at å knyte skolisser til born og at å lære asiatar å sette på vaskemaskina kom til å bli ein del av min kvardag i sommar. Og så må eg ikkje gløyme vaffelsteiking. Vafler og turister kunne eg ha skrive ei heil bok om, så det trur eg ikkje det er plass til her. Viss du blei nysgjerrig no, då har du noko å spørje om neste gang du møter meg. Til slutt må eg få sei at det å bli møtt med «velkommen på jobb» og eit stort smil av gode kollegaer, kan gjere dagen min. Det å være omringa av mennesker som jobber for å bringe andre til Jesus, og å vite at andre ber for arbeidsplassen min må være det beste med å jobbe her på Lyngmo.

- Johanne Halland Fridtun



Er du klar for ungdomsleir? Me håpar du vil ta turen i haust! :)

Det vert mykje sosialt, digg mat, kjeleke bibeltimar, aktivitetar og mykje meir.

Få med deg alle vener og kjende og meld dykk på :)

Loppemarknad, 28. - 29. september

Årets loppemarknad går av stabelen fredag 28. september kl 17:30 - 21.00 og laurdag 29. september heldt me ope frå kl 10:30 til 13:30

- Mykje spennande er kome inn og det er gode moglegheiter for å finne skjulte skattar!

- Open kafe med sal av rømmegraut, hellekaker og pølse med brød!

- Mogleg med Vipps-betaling! PS: Kontant betaling går framleis raskare!

- Har du ting du ynskjer å gi til loppemarknaden? Ta kontakt med oss på 57684366



Flotte bamsar som er klar for ein ny eigar



Selskap og kaldtbord

Kaldtbord er populær selskapsmat! Ved sida av er det bilete av eit av fleire kaldtbord som vart levert i sommar. Ta gjerne kontakt for forespørsel om selskap, minnestund eller catering!

Selskap på Lyngmo skal bety rikeleg med mat som folk flest likar, god plass, god stemming og ikkje minst eit godt aktivitetstilbod for borna!

Dette skjer på Lyngmo

SEPTEMBER 2018

- 6. Småbarnstreff
- 7.-9. Kyrkjelydstur Balestrand
- 13. Knøttekor og torsdagsklubb
- 15. Småbarnstreff
- 14. - 16. Internatmøte for Kvinner
- 20. Småbarnstreff
- 21. - 23. Leir for 2. - 4. klasse
- 28. - 29. Loppemarknad

OKTOBER 2018

- 4. Småbarnstreff
- 5. - 8. Leir for 4. - 7. klasse
- 18. Småbarnstreff
- 19. - 21. Leir for 7. - 10. klasse
- 25. Knøttekor og torsdagsklubb
- 26. Haustbasar

NOVEMBER 2018

- 1. Småbarnstreff
- 2. - 4. Leir for 16 - 30
- 8. Knøttekor og torsdagsklubb
- 15. Småbarnstreff
- 16.-18. Barnas songleir (2 - 7 klasse)
- 22. Knøttekor / Torsdagsklubb
- 24. Juleverkstad (4 -12 år)
- 29. Småbarnstreff

DESEMBER 2018

- 6. Knøttekor og Torsdagsklubb
- 7. Julemiddag for alle
- 13. Småbarnstreff
- 22. Julemiddag for Ungdom
- 31. - 1. Åpen Nyttårsfest

Minnegåve

Tusen takk for gåvene som vart gitt i samband med gravferda til Sunneva Leirdal og Øystein Alme!

Barnas songleir, 16. – 18. november


Var du med på songleir i fjor haust?

Då hugsar du sikkert dirigenten Hildegunn som lærte oss mange nye og freshe songar! I år kjem Hildegunn tilbake og tek oss vidare inn i eit opplegg der me vert meir kjent med Jesus gjennom ei aktiv helg med song, leik og dans. Opplegget passar godt for gutar og jenter frå 2. - 7. klasse!

Barnas Songleir 2018 har tema

Elleville Hurra-barn!

Me har allereie opna opp for påmeldingar!



"NORGE P.P."

B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

HAUSTLEIRANE PÅ LYNGMO

21. - 23. September 2 - 4 klasseleir, pris 675,-

5. - 8. Oktober 4 - 7 klasseleir, pris 810,-

19. - 21. Oktober 7 - 10 klasseleir, pris 730,-

For påmelding og informasjon:

www.lyngmoinfo.com

Tlf: 57 68 43 66

Dersom familien din ikkje har råd til å sende Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne borna på leir kan de ta kontakt med dagleg løysingar for sponing i slike saker. leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på

Me ønskjer å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal legje fram politiattest

